

Volda Arbeidarparti

Program for perioden 2019 - 2023

Volda Arbeidarparti ønskjer at nye Volda kommune skal vere eit inkluderande samfunn utan framandfrykt og utanforskap. Me vil gjere Volda til ein meir bærekraftig, framtidsretta og grøn kommune. Me ønskjer at kommunen skal vere ein god stad å bu, gå i barnehage og skule, arbeide, handle og tilbringe fritida i. For å oppnå dette, treng me gode og føreseielege kommunale tenester, føremålstenlege bygningar og ein infrastruktur som tek omsyn til alle som skal ferdast på vegar og fjordar.

Born og unge

Volda Arbeidarparti vil:

- Skape gode tilbod innan barnehage, skule og SFO
- Sikre god bemanning i heile opningstida og minst 50% pedagogtettleik i barnehagane
- Utvikle Volda til å bli den leiande kommunen i landet når det gjeld digitalisering i skulen
- Styrke bruken av nynorsk i digitalt materiell som vert brukt i skulen
- Oppretthalde læringssenteret
- Styrke bruken av utlånsordningar for utstyr som kan gi alle born høve til å delta i fritidsaktivitetar
- Gi born og unge gode fritidstilbod ved å styrke ein desentralisert kulturskulen og starte opp att ungdomsklubbar i eigna lokale
- Rådføre oss med ungdomsrådet, spesielt når det gjeld saker som omhandlar ungdom

Helse og omsorg

Volda Arbeidarparti vil:

- Styrke helsetilbod, rehabilitering og eldreomsorg
- Sikre full sjukeheimsdekning
- Styrke heimesjukepleie- og nattevakttilbodet
- Vektlegge det offentlege folkehelsearbeidet
- Innføre gratis hørselstesting av alle over 60 år
- Sikre nok logopeditenester for slagpasientar og andre med behov
- Gi eldre gratis tryggleiksalarm
- Ta i bruk digitale løysingar for å betre helse- og omsorgstenestene
- Gi eldre i institusjon aktivitetstilbod og god mat

Volda kommune som arbeidsplass

Volda Arbeidarparti vil:

- At Volda kommune skal ha eit inkluderande arbeidsliv og gi tilsette i kommunen høve til heil og fast tilsetting
- At kommunale arbeidsplassar og tenester ikkje vert svekka gjennom privatisering og konkurranseutsetting
- Doble talet på lærlingar frå 2 per 1000 til 4 per 1000 innbyggjarar
- Vere ei god lærebedrift og stimulere lærlingar til å ta fagbrev
- Legge vekt på godt arbeidsmiljø og god kommunikasjon med dei tilsette gjennom samarbeid med representantar for dei tilsette
- Vektlegge leiarutvikling og fagleg opplæring i kommunen
- Sikre god kvalitet i barnehage- og skuletilbodet i heile kommunen ved å utbetre bygningar og gi dei tilsette høve til kompetanseheving

Kommunale bygningar og byggeskikk

Volda Arbeidarparti vil:

- Bygge ny ungdomsskule i Volda sentrum
- Bygge symjeanlegg tilknytt Volda Campus Sparebank1 Arena
- Oppretthalde og utvide tilbodet med terapibasseng/varmtvassbasseng
- Bygge kulturhus i Volda sentrum med bibliotek, kinosalar, ungdomsklubb og storsal
- Legge til rette for bustadbygging der folk vil bu og til ei kvar tid ha tilgjengelege kommunale bustadtomter
- Ta vare på det estetiske særpreget og lokal byggeskikk

Miljø

Volda Arbeidarparti vil:

- Redusere bruken av plast i all kommunal aktivitet
- Sikre utbygging av fleire ladestasjonar for el-bilar
- Velje utsleppsfrie alternativ ved utskifting av kommunal bilpark
- Utvikle gode tilbod for kollektivtransport og gang- og sykkelveggar for å redusere privatbilismen
- Styrke medvit om økologisk mangfald

Kultur

Volda Arbeidarparti vil:

- Lage møteplassar og bygningar som kan romme eit mangfald av kulturaktivitetar for menneske i alle aldrar og med ulike interesser og føresetnader
- Styrke kultur- og kinotilbodet
- Gi folkebiblioteket rammer og ressursar til å vere møteplass og debattarena, litteratur- og kunnskapsformidlar

Næringsutvikling

Volda Arbeidarparti vil:

- Legge til rette for og stimulere til næringsutvikling og turisme
- Vidareutvikle eksisterande industriområde og legge til rette for nyetablering
- Etablere eit nærings- og utviklingsselskap der kommunen i samarbeid med næringslivet sikrar areal til næringsutvikling
- Støtte etablering av kulturnæringshage på høgskuleområdet
- Satse på kombinert nærings- og bustadbygging i Volda sentrum
- Styrke landbruket, mellom anna ved støtte til kjøp av mjølkekvoter
- Sikre ei kompetent og stabil kommunal veterinærteneste

Infrastruktur og service

Volda Arbeidarparti vil:

- Utvikle ein god infrastruktur med sykkel- og gangstiar som bitt bustadområde saman og sikrar tryggare og betre tilkomst til arbeidsplassar, skular, badestrender og andre friluftsområde
- Forlenge turvegen rundt Rotevatnet
- Bygge turveg til badeplassen Munken
- Bygge ein sentrumsnær opptrekksplass for båtar, som skal vere gratis for brukarane
- Gjere området rundt Garvarbuda meir tilgjengeleg
- Sette opp gatelys der skuleborn ventar på buss
- Sette opp fleire gatelys langs kommunale vegar
- Etablere fleire offentlege toalett
- Vidareutvikle området rundt Groparken på Grodås

Volda i regionen

Volda Arbeidarparti vil:

- Utvikle Volda som sentrum i regionen ved å styrke regionale funksjonar som sjukehuset, høgskulen, tannhelsetenesta, den vidaregåande skulen, trafikkstasjonen og tingretten
- Støtte opp om utviding av rutetilbodet ved flyplassen
- Oppretthalde Grodås som kommunedelsentrum med eit breitt offentleg og privat servicetilbod
- Arbeide for snarleg realisering av fylkesveg 60 Tomasgard – Røyarhus bru
- Arbeide for snarleg realisering av Voldatunnelen
- Støtte arbeidet for bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden
- Betre busstilbodet med flybuss, ringbuss og fleire avgangar mellom Furene og Kjøs bru
- Betre ferjetilbodet mellom Volda, Folkestad og Lauvstad

For å få mest mogleg gjennomslag for politikken vår, vil Volda Arbeidarparti halde fram med å samarbeide med andre politiske parti. Slik ønskjer me å bidra til at Volda vert eit trygt og godt samfunn der alle kan ta del, uavhengig av føresetnader.